

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 15. februar 2008 kl. 14.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Om forslag til funksjonsendringar ved Helse Førde HF

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Frå styret møtte:
Styreleiar Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Gunnar Berge
Ohene Aboagye
Nils P. Støyva
Gisle Handeland
Gerd Dvergsdal
Torhild Selsvold Nyborg
Aslaug Husa
Inger Hamborg

Frå administrasjonen møtte:
Administrerande direktør Herlof Nilsen
Viseadm. direktør Helge Bryne

Også til stades:
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Seniorrådgjevar Kai Furberg

Riksrevisjonen var varsle i samsvar med lov om Riksrevisjon § 13, og møtte ved Kristin G. Madsen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og ekspedisjonssjef Per Bleikelia vart valde til å skrive under protokollen.

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Om forslag til funksjonsendringar ved Helse Førde HF

Føretaksmøtet viste til tidlegare protokoll frå føretaksmøter 18. juni 2003 og 21. juni 2004 om mellom anna etablering av nærsjukehus i Florø som eit pilotprosjekt. Det blei vidare vist til brev frå Helse Vest RHF datert 12. desember 2007. Helse Vest RHF gjorde her greie for forslaget om omstilling i Helse Førde HF og driftsendringar ved sjukehuset i Florø.

Føretaksmøtet tok til etterretning vurderingane frå Helse Vest RHF med omsyn til manglande kommunal medverknad og behovet for omstilling i Helse Førde HF. På bakgrunn av dette konstaterte føretaksmøtet at føresetnadene for drift av dei fem sengene som spesialisthelsetenesta har ansvar for ved sengeposten ved nærsjukehuset i Florø, ikkje er tilstades.

Føretaksmøtet la til grunn at det skal vidareførast spesialisthelsetenestetilbod i Florø, og at ein søker å vidareutvikle driftsmodellen slik det er skissert i brev frå Helse Vest RHF av 12. desember 2007. Dette gjeld mellom anna vidare satsing på og utviding av det polikliniske tilbodet og dagbehandling. Vidare slo føretaksmøtet fast at det er viktig å halde fram med og eventuelt styrke lærings- og meistringsfunksjonane.

Føretaksmøtet la vidare til grunn at det i den vidare prosessen er tett dialog med dei aktuelle kommunane for å betre samhandlinga og søkje å etablere gode tilbod, og kartlegge behovet for å etablere ambulante geriatriske tenester. Det skal sikrast at dei tilsette sine rettar etter lov- og avtaleverk ivaretakast på ein god måte i omstillinga.

Føretaksmøtet vedtok:


1. *Føretaksmøtet konstaterte at føresetnadene for drift av dei fem sengene som spesialisthelsetenesta har ansvar for ved sengeposten ved nærsjukehuset i Florø, ikkje er tilstades.*
2. *Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å vidareføre drift av spesialisthelseteneste i Florø, og at ein søker å vidareutvikle driftsmodellen slik det er skissert i brev frå Helse Vest RHF av 12. desember 2007, med mellom anna vidare satsing på det polikliniske tilbodet, dagbehandling og styrking av lærings- og meistringsfunksjonane.*
3. *Føretaksmøtet bad om at ein i den vidare prosessen har ein tett dialog med dei aktuelle kommunane for å betre samhandlinga og søkje å etablere gode tilbod, og kartlegge behovet for å etablere ambulante geriatriske tenester.*
4. *Det skal sikrast at dei tilsette sine rettar etter lov- og avtaleverk ivaretakast på ein god måte i omstillinga.*

Møtet blei heva kl 14.10.

Oslo, 15. februar 2008



Per Bleikelia



Oddvard Nilsen